



Byggassistenten Risøy
Solåsen 2 H
5223 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2701 - 19/30393

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.10.2019

Førebels svar på søknad med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 81/3 Risøy

Tiltak: Utsleppsløyve m.m
Byggjestad: Gbnr: 81/3
Tiltakshavar: Gro og Leif Terje Fønnes
Ansvarleg søkjar: Byggassistenten Risøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.09.2019. Det er opplyst at søknaden omfattar tilkopling til kommunalt vassverk, utsleppsløyve, etablering av bygg som anlegget skal plasserast i og utviding av terrasse.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og har følgjande merknader:

Tilkopling til kommunalt vassverk

Søknad om tilkopling til kommunalt vassverk krev innsending av rørleggarmelding. Rørleggarmelding sender du inn digitalt. Lenke til rørleggarmelding finn du [her](#).

Søknaden vert handsama av teknisk drift. Du får ikkje godkjend rørleggarmeldinga før eigedomen har godkjend utsleppsløyve.

Vi gjer merksam på at det må leggjast ved søknaden tinglyst erklæring som sikrar rett til å plassera vassleidning på privat grunn og tilkopling til privat vassleidning. Spørsmål elles til rørleggarmelding må rettast til teknisk drift.

Planstatus

Eigedomen ligg i område der kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden gjeld. Området er i planen avsett til LNF-føremål. I LNF-områda er det berre tillate å føra opp nødvendige tiltak for landbruket og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Tiltaket er i strid med plangrunnlaget og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet. Tiltaket er også plassert i strid med det generelle byggjeforbodet i strandsona og krevja at det vert gitt



dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8. Det er søkt om dispensasjon for desse forholda, men søknaden er ikkje grunngitt. Dispensasjon krev grunngitt søknad, jf. plan- og bygningslova § 19-1, og søknaden må supplerast.

Krav til søknad om løyve til å etablera tiltaka

Etablering av avløpsanlegg og vassleidning er eit søknadspliktig tiltak med krav til bruk av ansvarlege føretak. Dersom det vert gitt dispensasjon, løyve til tilkopling til kommunalt vassverk og utsleppsløyve tilrår vi at de søkjer om alle tiltaka samla i ein søknad sjølv om nokre av tiltaka ikkje krev bruk av ansvarlege føretak. For dei tiltaka som ikkje krev bruk av ansvarlege føretak kan de be om at tiltaka vert fritatt ansvar. Eigen søknad med nødvendige vedlegg må sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.11.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggassistenten Risøy	Solåsen 2 H	5223	NESTTUN
Gro Fønnes	Bjøllebotn 91	5226	NESTTUN
Gro Fønnes	Bjøllebotn 91	5226	NESTTUN
Leif Terje Fønnes	Bjøllebotn 91	5226	NESTTUN
Leif Terje Fønnes	Bjøllebotn 91	5226	NESTTUN
Teknisk drift	her		

Mottakarar:

Byggassistenten Risøy	Solåsen 2 H	5223	NESTTUN
-----------------------	-------------	------	---------